

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 17.10.2018

Kari Foseid Aakre (A) sette på vegner av A, SV, KrF og Sp fram slikt forslag:

«Saka vert utsett til neste møte.

Misa meiner at saksutgreiinga er mangelfull på kostnadsutgreiing for el-teknologi og den er ikkje i tråd med overordna mål om at Bergen skal vera fossilfri innan 2025.

Misa ber rådmannen om kostnadsoverslag for å nå måla i klimaplanen og temaplan for null- og lågutsleppsbusar.

Misa ønskjer i tillegg konkret kostnadsoverslag for elbusar.

Misa føreset at ein får sak innan tidsfristane for kontraktsutlysing.»

Geir Angeltveit (V) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Setebeltene på samtlige busar skal vere tilpassa slik at det kan vere ei trygg løysing for born.

Geir Angeltveit (V) sette fram slikt oversendingsforslag:

«Fylket sender Trafikkplan Bergen på politisk orientering til Bergen Kommune.»

Jon Askeland (Sp) sette fram slikt forslag:

«Utval for miljø og samferdsel tek saka til orientering.»

Jon Askeland (Sp) sette fram slikt oversendingsforslag til fylkesutvalet:

«MISA grunnjev oversendingsforslaget med at ein ved å gå for rådmannen si innstilling ikkje når måla om nullutsleppsteknologi i Bergen innan 2025.

MISA ber om at det fram mot FU vert føreteke kostnadsutgreiing for el-teknologi.

MISA ber rådmannen om kostnadsoverslag for å nå måla i klimaplanen og temaplan for null- og lågutsleppsbusar.

MISA ønskjer i tillegg konkret kostnadsoverslag for el-busar.

MISA ønskjer at det vert utgreidd kostnadsoverslag for setebelte for born.»

Aakre trekte sitt forslag.

Angeltveit trekte sitt tilleggsforslag.

Røysting

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling fekk 4 røyster (H og Frp) og fall.

Askeland sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Askeland sitt oversendingsforslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillar utan realitetsbehandling.

Angeltveit sitt oversendingsforslag fekk 1 røyst (V) og fall.

Innstilling til fylkesutvalet

Utval for miljø og samferdsel tek saka til orientering.